



Notat

Dato: 08.06.2018
Arkivsak: 2018/10634-4
Saksbehandlar: jonsmor

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Samordning av vedtakspunkt ved revisjon av Bømlopakken

I møte i fylkesutvalet 31.05.18 vart det ført inn følgjande protokollmerknad frå KrF, A, Sp, SV, MDG, V, Frp og H:

«Fylkesutvalet registrerer at det ikkje er samsvar vedrørende passeringstak og eventuell tidsregel i den fylkeskommunale og den kommunale sakshandsaminga. Fylkesutvalet bed fylkesrådmannen avklara dette fram mot fylkestinget i juni.»

Fredag 8. juni vart det gjennomført møte mellom representantar frå Bømlo kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen med mål om å samordne vedtakspunkta. I tillegg til ulikskap i vedtakspunkt om tidsregel og passeringstak vart også ulik prioriteringsrekkefølge på nokre av prosjekta drøfta.

Det var einigheit mellom partane å tilråde månadleg passeringstak på 30, ikkje 40.

Partane tilrår timesregel på 60 minutt. I dag opnar ikkje taktsretningslinjene for halvtimesregel, men Bømlo kommune og fylkeskommunen kan be om at Statens vegvesen vurderer om det kan innførast.

Det var også einigheit i møte 8. juni om å tilrå å sette prosjektet fv. 19 Rubbestadneset – Rolfsnes (Brubakken – Stongarvåg) på reservelista og ha ein større pott ufordelt til mindre utbetringar. Prioriteringsrekkefølga på reservelista tilrår ein skal vere det same som kommunestyrevedtaket i Bømlo kommune 19.06.2017. Når ein flytta ned Rubbestadneset – Rolfsnes til reservelista, vert det totalt 108 mill. kr i ei ramme til mindre utbetringar som kontaktutvalet kan fordele på prosjekt på reservelista seinare.

Justeringane som er foreslått ovanfor skal ikkje ha nokon konsekvens vidare sakshandsaming og risikovurderingar knytt til inntektsgrunnlaget.

Sett i forhold til fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak tilrår ein etter møte 8. juni å endre vedtakspunkt 1 og 5 til følgjande:

1. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest datert 14.05.2018, med dei justeringane som kjem fram i prioriteringstabell nedanfor og endring i passeringstak frå 40 til 30 som kjem fram

av vedtakspunkt 5. Finansieringsplan inneber eit bompenggebidrag på 554 mill. 2018-kr til den reviderte pakken. Ramma for bompengar vert endeleg fastsatt etter KS2 av pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 298 mill. 2018-kr og Bømlo kommune med 1,7 mill. kr i 2018.

Det vert lagt til grunn følgjande prioritering:

<i>Pri.</i>	<i>Veg</i>	<i>Vegstrekning</i>	<i>Planstatus</i>	<i>Kostnads- overslag 2018 -kr</i>
1	Fv 541	Sakseid – Hestaneset	Reguleringsplan vedtatt	410
2	Fv 542	Notland – Mosterhamn	Reguleringsplan venta godkjent våren 2018	33
3	Fv 541	Sakseid–Ekornsæter	Reguleringsplan venta godkjent hausten 2018	204
4	Fv 12	Sakseid – Grønnevik	Ikkje behov for reguleringsplan	11
5	Fv 23	Tormodsetre – Gilje	Ikkje behov for reguleringsplan	15
		Ramme til mindre utbetringar	Ikkje behov for reguleringsplan	108
		Bomstasjonar	Mangler reguleringsplan	16
		Sluttrekninger ferdigstilte prosjekt	Ferdig bygd	57
Totale kostnader Bømlopakke II				854
Reserveliste				
6	Fv 17	Olakjosen – Laurhammerkjosen	Ikkje behov for reguleringsplan	25
7	Fv 15	Grindheimsvegen / Totlandsvegen	Mangler reguleringsplan	51
8	Fv 541	Kulleseid – rasteplass	Reguleringsplan vedtatt	5
9	Ny	Tverråno – Hollundsdaalen	Manglar reguleringsplan	102
10	Fv 19	Rubbestadneset – Rolfsnes (Brubakken–Stongervåg)	Mangler reguleringsplan	43
11	Fv 542	Miljøgate Svortland	Reguleringsplanarbeidet starta	31
12	Fv 23	Tverråno – Alvsvåg	Reguleringsplanarbeidet starta	72
Totalkostnader reserveliste				329

- Det vert lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for begge takstgrupper. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at det vert innført timesregel på 60 minutt, men ber om at Statens vegvesen vurderer om det kan innførast halvtimesregel.